

**Fra:** Marit-Gro Berge (marit-gro.berge@alver.kommune.no)

**Sendt:** 10.09.2020 10:57:41

**Til:** Vestland fylkeskommune

**Kopi:** Marthe Hammer (mchammer@online.no); geir.kjell.andersland@gmail.com

**Emne:** Open søknad

**Vedlegg:** Søknad Fritt Ord.docx;Prosjekt deltakarliste.docx;Bokbåten Epos som regional bransjeutvikling ved Tekstallianse.docx

Vestland fylkeskommune

ved direktør for kultur, idrett og inkludering, Per Morten Ekerhovd

I samtale med Marthe Hammer og Geir Kjell Andersland er vi blitt orienterte om at vi kan sende inn ein open søknad om støtte til forprosjektet «Vestlandet sitt flytande litteraturhus». Vi har søkt Fritt Ord om kr. 800 000 og ber fylkeskommunen om ei løyving på kr. 100 000 for å kunne realisere prosjektet, som vil ha minst 28 deltakarkommunar.

Bokbåten Epos skal leve vidare som litteraturhus. Prosjektet vil prøve ut ein modell der kommunane organiserer tilbodet som ein årleg litteraturfestival. Strilabiblioteket i Alver er prosjekteigar.

I staden for at fylkeskommunen driv tenesta vil dei lokale biblioteka ha heile ansvaret for tenesta i sin kommune. Biblioteka stiller med personale og arrangement på dei stadane som får litteraturhusbåten på besøk. Vestland fylkeskommune stiller boksamlinga til disposisjon, og kvart kommunale bibliotek kan supplere med eiga samling om bord. Det vert utlån av bøker frå båten, men målet er ikkje å få høge utlånstal. Fokus vil liggje på litteraturformidling i form av presentasjonar, samtalar og utstillingar. Biblioteka kan samarbeide om dei lokale programma med andre aktørar i kommunen, både kommunale og frivillige. Det kan bli debattkveldar rundt lokale tema, små kurs og verkstadsaktivitetar, samarbeid om turnear med forfattarar, teater, musikk og liknande.

Vi har innleidd eit samarbeid med Tekstallianse, som har fått støtte frå kulturelt utviklingsprogram (KUP).

Det er viktig å kome i gang i 2021 for å sikre kontinuitet i drifta, derfor ønskjer vi å starte utprøving av «Vestlandet sitt flytande litteraturhus» som eit forprosjekt. Om forprosjektet vert vellykka kan det bli aktuelt å søkje om KUP-midlar for 2022.

Beste helsing  
Marit Gro Berge

Vedlegg:  
Søknad til Fritt Ord  
Deltakarkommunar. Førebels oversikt  
Tekstallianse : Bokbåten Epos som regional bransjeutvikling

Med helsing  
**Marit Gro Berge** | Avdelingsleiar Strilabiblioteket

Telefon: 948 16 111

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)

